



Foto: Erik Bleken

TRYGGINGSRÅDGJEVAR FOR TRANSPORT AV FARLEG GODS

Verksemder som har noko å gjere med transport av farleg gods på veg og jernbane, er pålagde å utpeike tryggingrådgjevar. Kravet om tryggingrådgjevar er gjeve i forskrift 1. april 2009 nr. 384 om landtransport av farlig gods. Tryggingrådgjevaren skal arbeide for at all aktivitet knytt til transporten blir utført forsvarleg og i samsvar med føresegnene. Leiaren for verksemda har ansvaret for at tryggingrådgjevar er peikt ut og fungerer etter føremålet.

Kven kan vere tryggingrådgjevar?

For å vere tryggingrådgjevar må vedkomande ha gyldig sertifikat. Sertifikatet får ein etter bestått eksamen som er administrert av Norsk brannvernforening på vegner av DSB. Foreininga fører også oversikt over godkjende tryggingrådgjevarar. Meir informasjon finn du på <http://www.brannvernforeningen.no>.

Verksemda kan velje å ha eigen tilsett tryggingrådgjevar eller å kjøpe inn tenesta. Ein tilsett kan ha denne rolla i tillegg til andre oppgåver. Tryggingrådgjevaren må ha tilstrekkeleg med tid og vere i stand til å utføre pålagde plikter. Utpeikte tryggingrådgjevarar skal meldast til DSB på eit skjema som er tilgjengeleg på www.dsb.no.

**Norsk
brannvernforening**

Sertifikat for
SIKKERHETSÅDGJEVAR

Navn: Kari Normann	Bevisnr: 801
Fødselsdato: 15.09.1975	Utstedt i: N
Nasjonalitet: Norsk	Gyldig til: 26.05.2014

Gyldig for transportmåte: Vegtransport
Gyldig for klassene: 1, 2, 3, 4.1, 4.2, 4.3, 5.1, 5.2, 6.1, 6.2, 7, 8, 9

Innehaveren av dette sertifikatet har bestått eksamen for sikkerhetsrådgjvere i henhold til forskrift om landtransport av farlig gods.

Dagfinn Kalheim, adm. direktør
Sulfjåsen Norsk brannvernforening

Pr: 0/24 letterstas; 0499 1310
Tlf: 23157100 Faks: 23157101
post@brannvernforeningen.no
www.brannvernforeningen.no

KLASSE-TABELL

- Klasse 1 Eksplosive stoffer og gjenstander
- Klasse 2 Gasser
- Klasse 3 Brannfarlige væsker
- Klasse 4.1 Brannfarlige faste stoffer; selvreaktive stoffer og faste eksplosivstoffer som er gjort uforsomme
- Klasse 4.2 Selvtennende stoffer
- Klasse 4.3 Stoffer som utvikler brennbare gasser i kontakt med vann
- Klasse 5.1 Oksiderende stoffer
- Klasse 5.2 Organiske peroksidar
- Klasse 6.1 Giftige stoffer
- Klasse 6.2 Irreversibelt skadende stoffer
- Klasse 7 Radioaktivt materiale
- Klasse 8 Etende stoffer
- Klasse 9 Forskjellige farlige stoffer og gjenstander



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Besøksadresse:
Rambergvegen 9
Telefon 33 41 25 00
Telefaks 33 31 06 60
postmottak@dsb.no
www.dsb.no



Retur

Direktoratet for
samfunnstryggleik og beredskap

Postboks 2014
3103 Tønsberg

Kva slags verksemdar skal ha tryggingrådsgjevar?

Verksemdar som fyller, pakkar, lastar, sender, transporterer, lossar eller tek mot farleg gods, skal ha tryggingrådsgjevar.

Verksemdar som utøvar slike aktivitetar er unnateke kravet om tryggingrådsgjevar:

- transport av farleg gods når mengda per transport-eining/jernbanevogn ikkje overstig dei mengdene som er gjevne opp i ADR/RID 1.1.3, 1.7.1.4, 3.3, 3.4 eller 3.5
- sporadisk transport av farleg avfall definert som farleg gods i transportkategori 3 og 4 i ADR/RID kapittel 3.2 tabell A, under føresetnad av at hovud- eller sekundærverksemda i verksemda ikkje er transport, lasting eller lossing av farleg gods
- militær transport av farleg gods
- transport av farleg gods som i sin heilskap går føre seg innanfor eit lukka område
- mottak av farleg gods utan å ha ei aktiv rolle ved lossinga

Kva for oppgåver skal ein tryggingrådsgjevar vareta?

Tryggingrådsgjevaren skal leggje til rette for og kontrollere at verksemda sine aktivitetar med farleg gods går føre seg på ein sikker måte etter dei relevante føresegnene. I hovudsak er pliktene knytte til rådgeving og kontroll av rutinane i verksemda.

Tryggingrådsgjevaren skal:

- kontrollere at føresegnene for transport av farleg gods blir følgde
- rettleie og gje råd om transport av farleg gods
- utarbeide årsrapport til leiinga ved verksemda
- sjå til at verksemda rapporterer uhell til DSB
- gjere undersøkingar, utarbeide rapportar og setje i verk tiltak i samband med alvorlege ulukker, uføresette hendingar og mishald av føresegner ved transport av farleg gods
- sjå til at verksemda kartlegg farar og problem som kan oppstå ved transport av farleg gods, og på bakgrunn av dette vurderer risiko
- sjå til at verksemda utarbeider sikringsplan ved transport av farleg gods med høg risiko
- kontrollere at tilsette i verksemda får føremålstenleg opplæring og at opplæringa blir registrert
- kontrollere at tilsette har detaljerte rutinar og instruksar
- kontrollere rutinar for å identifisere det farlege godset

- kontrollere at ein tek omsyn til føresegnene for transport av farleg gods ved til dømes utveljing av underleverandørar/tredjepartar og ved innkjøp av køyretøy
- kontrollere rutinar for kontroll av utstyr som blir brukt i samband med transport, lasting og lossing av farleg gods



Klasse 5.2 Fare
Organiske peroksider

Velfungerande tryggingrådsgjevar

For at tryggingrådsgjevar skal kunne utføre pålagde plikter og fungere etter intensjonen, reknar DSB det som viktig at tryggingrådsgjevaren:

- aktivt bruker regelverket
- har oversikt over aktivitetane med farleg gods i verksemda
- er integrert i tryggingarbeidet knytt til farleg gods i verksemda;
- i utarbeiding av rutinar, instruksar og risikovurderingar
- i undersøkingar i samband med avvik og uynskte hendingar
- i førebyggjande tiltaksarbeid for å hindre gjentakning av uynskte hendingar
- i utarbeiding av sikringsplanar for transport av farleg gods
- har god kommunikasjon med leiinga og tilsette for å kunne bidra til god opplæring og sikre at rutinar og instruksar blir følgde
- har rutinar for rapportering og oppfølging av uhell utarbeider årsrapport som inneheld minst omfanget av farleg gods, uhell og uynskte hendingar, tiltak som er sette i verk og opplæring av tilsette

Ein velfungerande tryggingrådsgjevar hjelper verksemda til å redusere risiko for uhell, ulukker og utilsikta hendingar ved transport av farleg gods